

Mottakarar i samsvar med mottakarliste, vedlagt

Dato: Vågå, 26.04.2022
Vår ref: 22005


Varsel om planoppstart – Privat detaljregulering for Barstadvika, gbnr. 319/423 mfl., næring

1. Oppstartsvarsel

Nordplan vil i medhald av plan- og bygningslova § 12-8 varsle oppstart av planarbeid – Privat detaljregulering for Barstadvika, gbnr. 319/423 mfl., næring i Kinn kommune. Registrerte grunneigarar og festarar i planområdet, og så vidt mogleg andre heimelshavarar i planområdet samt naboar til planområdet og offentlege etatar, vert med dette varsla direkte.

Nordfjord Havn IKS er forslagsstillar og Nordplan AS er plankonsulent. Oppstart blir annonsert i avisa Fjordenes Tidene 29.04.2022. All informasjon om planarbeidet vert også å finne på Nordplan og Kinn kommune sine nettsider, www.nordplan.no og www.kinn.kommune.no

Det aktuelle planområdet er eit avgrensa areal langs Skoravegen, nordaust for Måløy sentrum.



Oversiktskart over Vågsøy der planområdet er markert. www.kystinfo.no


2. Formål med planarbeidet

Nordfjord Havn IKS ønsker å legge til rette for utfylling i sjø med etablering av næring/industri, på eit avgrensa areal langs Skoravegen, nordaust for Måløy sentrum. Det er skissert eit forslag til utfylt areal i sjø, og nytt landareal vil utgjere om lag 13.400m², volum utgjør ca. 257.500 m³. Nytt areal er tenkt utnytta til landbasert oppdrett gjennom utleige til aktør som er etablert på utfylt areal rett nord for planområdet. Tiltaket kan innebære justering og/eller nybygg av kai som avslutning av fylling mot sjø.

I samband med bygginga av Stad skipstunnel, er Barstadvika peikt ut som ein av fleire potensielle aktørar for mottak av overskotsmassar frå tunnelen. Kommunen har stilt krav om at det utarbeidast ny detaljreguleringsplan for området, før søknad om massar kan godkjennast.

3. Planavgrensing

Varsla plangrense er som synt i bilde under, og omfattar eit areal på 102,2 daa.



Skisse til utfylling der det aktuelle planområdet er vist med plangrense.




Bildet synar eksisterande situasjon og eigedomstilhøve i planområdet, med to industribygg, tilkomstveg plassert midt i mellom desse og kaiareal framfor industribygga lengst nord i utsnittet. Bildet er tatt frå spissen av fyllingsareal nord for planområdet (Norge i bilder, Kinn og midtre Sogn mellombels 2021).

4. Dagens plansituasjon

Gjeldande overordna plan for planområdet er Kommuneplan for Vågsøy 2002-2014 (vedteke 27.11.02). Arealet er i kommuneplanen avsett til formålet framtidig industri. Kommuneplanens arealdel er under rullering, forslag til 1.gongs handsaming er under utarbeiding. Planforslaget vil ikkje samsvare med overordna plan, da denne vil legge opp til meir utfylling/landareal. Elles er arealbruk i hovudsak samsvar med eldre kommuneplan.

Planen vil erstatte delar av eldre reguleringsplan for Rv 617 Måløy – Raudeberg av 29.06.2005, PlanID 200503, og må tilpassast mot detaljreguleringsplan for Barstadvika Industriområde Gbnr. 119/369, av 25.04.2013, PlanID 201202.



Utsnitt frå planbasern Rv 617 Måløy-Raudeberg (2005).

5. Oppstartsmøte med kommunen

Det er gjennomført oppstartsmøte med kommunen 31.03.2022. Foreslått plangrense vart drøfta og er gjort justeringar på for å oppnå ein saumlaus planbase. Ein rekke tema vart drøfta i møtet og gjev ein oversikt over dei viktigaste tema som skal vurderast i planarbeidet. Det er peikt på behov for utarbeiding av konsekvensutgreiing for landskap, naturmangfald, strandsone, og andre miljøfaglege tilhøve (luft- og grunnforureining, støy, etc) miljøvern faglege vurderingar.

Desse utgreiingane kjem i tillegg til planomtale, risiko- og sårbarheitsanalyse og plankart. Sjå vedlegg for oppstartsmøtereferat.

6. Forskrift om konsekvensutgreiing (KU-forskrifta)

Saka er vurdert etter KU-forskrifta. Det er av møtepartane i oppstartsmøte vurdert at dei fleste av konsekvensane av tiltaket vert tilfredsstillande vurdert gjennom ordinær plandokument, men møtepartane kom fram til at det er krav om konsekvensutgreiing etter § 8 første ledd bokstav a, da tiltaket fell inn under vedlegg II punkt 11 bokstav k, da det er planlagt deponi av masse som er større enn 50daa eller 50.000m³.

KU-krav etter vedlegg II vert gjennomført utan planprogram.

7. Medverknad


Det er høve til å kome med innspel til varsel om planoppstart. Alle skriftlege innspel vil bli vurdert og kommentert i saksframstillinga. Det er lagt opp til ein prosess med felles behandling av plan og byggesak (rammesøknad). Når eit framlegg til reguleringsplan er utforma, vert dette handsama av kommunen med sikte på utlegging til offentleg ettersyn. Det vert høve til å uttale seg til planen også ved offentleg ettersyn.

Innspel til planarbeidet skal vere skriftlege, og sendast:

- på e-post til: os@nordplan.no
- ev. brev til Nordplan AS, Vågåvegen 35, 2680 VÅGÅ

Frist for innspel er sett til 31.05.2022.

Med helsing
for Nordplan AS



Øyvind Sødal

Fagansvarleg plan / arealplanleggar

Vedlegg:

1. Oppstartsmøtereferat (Kinn kommune) 31.03.2022
2. Plangrense oppstartsvarsel (Nordplan) 26.04.2022
3. Avisannonse (Nordplan) 26.04.2022
4. Mottakarliste (Nordplan/Kinn kommune) 20.04.2022